



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 18/2022

Møtedato: 16.06.2022 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Uttale til VA-anlegg på hyttefeste 94/1/194

Statskog har sendt på høyring søknad om VA-anlegg for hytte 94/1/194. Når denne saka først kjem på høyring, vil administrasjonen sjå på alle moment knytt til denne hytta. Dette då den ligg inne på eit stølsjorde (941/647 – Torgeir Reien). I tillegg er det ført opp bygge-anlegg på eigdommen.

VA-anlegg:

Anlegget er prosjektert av Røn VVS. Dette firmaet er godkjent til VA-prosjektering, og dei oppgjev at anlegget ligg minst 10 meter frå vatn/5 meter får bekk, og etter jordprøvar er det vist at massen er eigna til infiltrasjon. Dei fysiske forhold ligg dermed tilsynelatande tilstades for infiltrasjon ut i frå faglege kriterier – ut i frå deira skjønn.

Så lenge anlegget vert plassert nærast mogleg hytta, og ikkje tek unødig plass utover 1 000 m² som denne tomta kan utgjere, tilrår administrasjonen søknaden.

Inngjerding:

Hyttetomta ligg i ytterkant av stølsjordet. Hytta har eige inngjerding, og utgjør ca 2,5 daa. Det bør setjast ein føresetnad at inngjerding ikkje skal overstige 600 m² som er tilsvarande alle andre hytter i statsallmenninga. I den samanheng bør ein tilpasse gjerdet rundt hytta (maks 600 m²) til ein ny arrondering av stølsjordet S 647 slik at avgrensing på stølsjordet faktisk avspeglar den faktiske bruken av jordet. Den eventuelle delen av stølsjordet som då ikkje vert gjerda inn vert vurdert i etterkant ut i frå frifallsreglar.

Brygge:

Det registreres at det er ført opp eit bygge-anlegg som tilsynelatande høyrer til hytta. Ein ber Statskog ta tak i dette, grunna likebehandling elles i statsallmenninga.

Oppsummert:

Administrasjonen tilrår ei positiv uttale til omsøkt VA-anlegg, såfremt dette er fagleg forsvarleg ut i frå nærleiken til vatn. Ein ber Statskog stille som vilkår ny arrondering på gjerde rundt hytta, og at ein tek tak i slike bryggeanlegg dersom dette ikkje er godkjent.

Ein kan ikkje sjå at dette vil kunne ha negative verknader for bruksberettiga sine interesser. Det er og i fjellstyrets interesse å få avgrensa/definert punktfestet som denne hyttetomta utgjør, sett i forhold til nærliggande stølsjorde.

Framlegg til vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre er positiv til omsøkt VA-anlegg, såfremt dette er fagleg forsvarleg ut i frå nærleiken til vatn. Ein ber Statskog stille som vilkår ny arrondering på gjerde rundt hytta som og ivaretek stølsjorde S647, og at ein tek tak i slike bryggeanlegg dersom dette ikkje er godkjent.

Behandling:

Åshild Reien spurte seg inhabil pga nært slekskap med nærliggande støl.
Enstemmig vedtak om at Åshild Reien fratrer pga inhabilitet, jfr Forvaltningsloven § 6 b)

Vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre er positiv til omsøkt VA-anlegg, såfremt dette er fagleg forsvarleg ut i frå nærleiken til vatn. Ein ber Statskog stille som vilkår ny arrondering på gjerde rundt hytta som og ivaretek stølsjorde S647, og at ein tek tak i slike bryggeanlegg dersom dette ikkje er godkjent.

Vedtaket er samrøystes.

Tilråding frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 24.06.2022

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Statskog
Eigar av 94/1/194/ Røn VVS
Vestre Slidre kommune